



Innkalling
av
Formannskap - styringsgruppe

Møtedato: 02.06.2022
Møtestad: Helsehuset, møterom Nordhordland
Møtetid: 09:30 -

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Styringsgruppa Miljøløftet

Sakliste

Saknr	Titel
001/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/22	Drøftingssak – gjennomgang og drøfting av utkast til strategidokument Miljøløftet
003/22	Melding/orientering
	<ul style="list-style-type: none">- Aktuelle prosjekt belønningsmidlar- Andre aktuelle saker i Miljøløftet

25. mai 2022

Sara Hamre Sekkingstad
ordfører



Arkiv: FE-026, TI-&01
JournalpostID: 22/40230
Saksbehandler: Hogne Haugsdal
Dato: 25.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
	Formannskap - styringsgruppe	02.06.22

Drøftingssak – Strategidokument Miljøløftet i Alver

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram til politisk drøfting

Politisk handsaming

Saka skal til drøfting i styringsgruppa Miljøløftet Alver

Kva saka gjeld

Denne saka gjeld drøfting av strategidokument for Miljøløftet i Alver. Styringsgruppa skal drøfte innhaldet i dokumentet. Planen er å legge fram endeleg strategidokument til handsaming i september 2022.

Bakgrunn

Alver kommune vedtok å ta del i byvekstavtalen/Miljøløftet for Bergensregionen 20. februar 2020. Målet med avtalen er nullvekst i personbiltrafikken, den veksten skal takast med gange, sykkel og kollektiv. Gjennom avtalen er Alver kommune sikra totalt kr 32,5 mill i snitt per år i avtaleperioden fram til 2029.

I sak 36/21 vedtok kommunestyret at kommunen skal utarbeide eit strategidokument for Miljøløftet i Alver. Dokumentet skal vere eit styringsdokument som gjer det enklare å prioritere aktuelle prosjekt. Strategidokument bør innehalde mål, strategiar og prinsipp for korleis Alver skal nå sine mål med Miljøløftet, i tillegg bør strategidokumentet henge saman med kommuneplan og andre relevante planar og strategiar.

I styringsgruppemøte 22.04.21 vedtok styringsgruppa i Alver eit prosjektmandat for eit prosjekt i 2 fasar:

- Fase 1: Strategidokument Miljøløftet Alver
- Fase 2: Prosjektavklaringar og prioritering av prosjekt.

Det blei også sett av kr 300.000 i belønningmidlar til arbeidet med strategidokumentet.

Vurdering

I prosjektmandatet var det planlagt å vedta eit strategidokument for Miljøløftet i løpet av 2021. Men strategidokumentet skulle bygge på kommuneplanen sin samfunnsdel, og den prosessen blei ikkje avslutta før vedtak i kommunestyret 19. mai 2022. Kommunedirektøren legg derfor fram eit utkast til strategidokument som byggjer på vedtatt samfunnsdel.

Strategidokumentet for Miljøløftet i Alver skal vere eit styringsdokument som er tydeleg på kva Alver kommune ønskjer å oppnå med si deltaking i Miljøløftet. Strategidokumentet skal ha mål, strategiar og prinsipp som er grunnlag for prioritering av aktuelle prosjekt.

Kommunedirektøren legg opp til at strategidokumentet primært byggjer på føringar frå to hovuddokument; byvekstavtalen og kommuneplanen sin samfunnsdelen. I byvekstavtalen ligg målsettingar for Miljøløftet med satsingsområde, kriteria og forpliktingar. Kommuneplanen sin samfunnsdel har mål, strategiar og prinsipp for ønska samfunnsutvikling i Alver.

Mål og satsingsområde

Hovuddelen av dokumentet er strategidelen i kap 3, med definerte mål, satsingsområde, prinsipp og strategiar for Miljøløftet i Alver. Målet for Alver kommune i Miljøløftet er i hovudsak todelt. Kommunen skal jobbe for å oppnå måla i Miljøløftet og samtidig utvikle samfunnet og kommunen i tråd med kommuneplan og andre relevante dokument. Det er også lagt inn satsingsområde som i stor grad byggjer på hovudmålsettingane i byvekstavtalen og samfunnsdelen, følgjande satsingsområde er føreslått:

- Nullvekst i personbiltrafikken
- Attraktive senter
- Levande bygder og grender
- Miljøvenleg, effektivt og trygt transportsystem
- Trygge og helsefremjande bumiljø

Prinsipp og strategiar for prosjektprioritering


Miljøløftet handlar i stor grad om å bygge eit samfunn der vi reduserer behovet for transport og legg til rette for meir bruk av klima- og miljøvenlege transportformer. Her er samordning av utbyggingsmønster og transportsystem ein viktig faktor. Miljøløftet bidrar med økonomiske verkemiddel til ulike prosjekt for at kommunen skal byggje ut samfunnet på den måten. I kap 3 i strategidokumentet er det lagt inn prinsipp og strategiar som skal vere grunnlag for prioritering av prosjekt i Miljøløftet. Desse prinsippa og strategiane er henta både frå byvekstavtalen og kommuneplanen sin samfunnsdel. Etter kommunedirektøren si vurdering er dette prinsipp og strategiar som vil bidra til å nå målsettingane med Miljøløftet og ønska samfunnsutvikling i Alver.

Vegen vidare – fase 2

Det blir lagt opp til ei drøfting av strategidokumentet i styringsgruppemøtet 2. juni. Framlegg til endringar og justeringar blir lagt inn i dokumentet før endeleg handsaming i den politiske runden i september. Etter at strategidokumentet er vedtatt vil fase 2 av prosjektet starte, med prosjektavklaring og prioritering av prosjekt. Målet er å utarbeide ein prosjektoversikt som kommunen kan spele inn i dei årlege rulleringane av handlingsprogrammet i Miljøløftet. Fase 2 av prosjektet vil bli gjennomført hausten 2022.

Vedlegg:

- Utkast til strategidokument – Miljøløftet i Alver
- Prosjektmandat – vedtatt 22.04.21
- Signert byvekstavtale – vedtatt 20.02.20:
<https://www.regjeringen.no/contentassets/66644bf4b3e642acaf10bea324af42b8/signert-byvekstavtale-for-bergensområdet-2019-2029/1957830.pdf>



Strategidokument – Miljøløftet i Alver

Utkast – 2. juni 2022



ALVER
KOMMUNE

Innhald

1. Mandat strategidokument

2. Føringer for strategidokumentet

- Byvekstavtalen
- Kommuneplanen sin samfunnsdel

3. Miljøløftet i Alver - mål, strategiar og prinsipp

- Mål
- Satsingsområde
- Strategiar og prinsipp for prioritering av prosjekt

4. Økonomiske verkemiddel

5. Prosjektavklaringar – fase 2





1. Mandat strategidokument

Bakgrunn

- Alver kommune vedtok å ta del i byvekstavtalen/Miljøløftet for Bergensregionen 20. februar 2020. Dette betyr at Alver kommune er sikra totalt kr 32,5 mill i snitt per år i avtaleperioden fram til 2029. Målet med avtalen er nullvekst i personbiltrafikken, den veksten skal takast med gange, sykkel og kollektiv. Byvekstavtalen har fire definerte satsingsområde.
- I sak 036/21 (25. april 2021) vedtok kommunestyret at kommunen skal utarbeide eit strategidokument for Miljøløftet i Alver. Dokumentet skal vere eit styringsdokument som gjer det enklare å prioritere aktuelle prosjekt. Strategidokument bør innehalde mål, strategiar og prinsipp for korleis Alver skal nå sine mål med Miljøløftet, i tillegg bør strategidokumentet henge saman med kommuneplan og andre relevante planar og strategiar.
- I styringsgruppemøte 22.04.21 vedtok styringsgruppa i Alver eit prosjektmandat for eit prosjekt i 2 fasar:
 - Strategidokument Miljøløftet Alver (fase 1)
 - Prosjektavklaringar og prioritering av prosjekt (fase 2).



Føremål med prosjektet – Strategidokument Miljøløftet Alver (Fase 1)

- Føremålet med dette prosjektet er å utarbeide prinsipp, strategiar, rammer og retningsliner for korleis Alver kommune skal nå måla og prioritere ulike prosjekt i Miljøløftet. Dette blir avklart gjennom eit strategidokument for Miljøløftet i Alver kommune. Strategidokumentet skal tydeleggjere Alver kommune sine strategiske grep for å nå dei politiske målsettingane som Miljøløftet byggjer på. Det skal avklare kva for satsingsområde kommunen vil ha dei næraste 10 åra, kva område som vil bli prioritert og kva som må til av ressursbruk for å nå måla i Miljøløftet og i utviklinga av Alver.
- Strategidokumentet skal også bygge på kunnskapsgrunnlag og analyser som er utarbeida i samband med kommuneplanarbeidet. Vidare skal dokumentet klargjere eventuelle endringsprosessar som må til dersom overordna planar, lokalt eller nasjonalt, medfører endra strategi.



Prosjektavklaringar (Fase 2)

- Etter at strategidokumentet er vedtatt startar fase 2 av prosjektet. I denne fasen skal prosjektet avklare kva for prosjekt i Alver som er aktuelle for Miljøløftet dei komande åra, basert på dei mål, prinsipp og strategiar som er lagt i strategidokumentet.



Mål og organisering

4.2. Resultat frå konseptfasen

Dette prosjektet skal levere følgjande:

Fase 1:

- Politisk vedtatt strategidokument for Miljøløftet Alver kommune

Fase 2:

- Dokument med prosjektavklaringar. Dokumentet skal beskrive følgjande:
 - Om prosjektet støttar prinsippa i strategidokumentet
 - Avklaring på status i forhold til ein mogleg anleggstart.
 - Beskriving av når det er aktuelt (årstal) for å legge prosjektet inn i Miljøløftet sitt handlingsprogram med fysisk utbygging.

4. OMTALE AV KONSEPTFASEN

4.1. Organisering og ansvar i konseptfasen

Politisk styringsgruppe	Formannskapet
Adm. styringsgruppe	Rådmann, ass. rådmenn
Prosjekteigar	Hogne Haugsdal
Prosjektleder	Arne Eikefet
Prosjektgruppe	Line Valle, Anny Bastesen, Kristin Nåmdal, Siril Sylta
Arbeidsgrupper	Blir oppretta av prosjektgruppa ved behov (Gjeld særleg arbeid med prosjektavklaringar)
Referansegruppe	Toppleiargruppe Andre relevante leiarar og fagpersonar i Alver Partane i Miljøløftet





2. Føringer for strategidokumentet

Føringar


A. Strategidokumentet for Miljøløftet skal i hovudsak byggje på to hovuddokument

- Byvekstavtalen
- Kommuneplanen sin samfunnsdel

B. Andre relevante dokument:

- Kommuneplanen sin arealdel
- Sykkel- og gåstrategi for Alver kommune
- Andre relevante planar og strategiar som er prioritert gjennom planstrategi
- Regionale planar (Regional areal- og transportplan)





Byvekstavtalen

Prinsipp, kriterier og rammer



ALVER
KOMMUNE

Nullvekstmålet og satsingsområde

Nullvekstmålet

- I byområda skal klimagassutslepp, kø, luftforureining og støy reduserast gjennom effektiv arealbruk og ved at veksten i persontransporten blir teken med kollektivtransport, sykling og gange.
- Prosjekta i byvekstavtalen skal bidra til å nå nullvekstmålet og samstundes bidra til eit miljøvenleg, effektivt og trygt transportsystem, som sikrar mobilitet for innbyggjarar og næringsliv.

Satsingsområde

- Gange og sykkel
- Kollektivtransport
- Innfartsparkering
- Miljøvenleg teknologi og innovasjon



Kriteria for prioritering av prosjekt

- Prosjekt og tiltak i byvekstavtalen skal bidra til måloppnåing, der målet om nullvekst i personbiltransporten er overordna.
- Prioritering av tiltak i byvekstavtalen skal styrast etter prinsipp om porteføljestyring. Dette inneber at tiltak skal prioriterast etter ei samla vurdering av tiltaket sitt bidrag til
 - nullvekstmålet
 - samfunnsøkonomisk nytte
 - disponible midlar
 - planstatus
 - kapasitet på planlegging og gjennomføring.
- For å sikre at utbygging av areal og transportinfrastruktur vert samordna i tid, bør arealutvikling vere ein del av vurderingsgrunnlaget for porteføljestyringa



Arealplanlegging – mål og forpliktingar

Om arealplanlegging

- Byvekstavtalen er ein integrert del av regional og kommunal planlegging
- Byvekstavtalen vidarefører nasjonale og regionale føringar i statlege planretningsliner og regionale planar.
- Kommuneplanar i avtaleområdet skal legge nullvekstmålet i avtalen til grunn.

Mål for arealutvikling

- Lokalisering av nye bustader, handel, service og annan besøks- og arbeidsintensiv verksemd skal i hovudsak skje i regionale vekstsoner.
- Utanfor dei regionale vekstsonene skal det kunna bli lagt til rette for utbygging for å oppretthalda gode og levande lokalsamfunn.
- Det skal vera høg arealutnytting i sentrumsnære område og høg kvalitet i all by- og tettstadsutvikling





Kommuneplanen sin samfunnsdel

Mål og strategiar for ønska samfunnsutvikling



ALVER
KOMMUNE

Framtidsvisjonen - samfunnsdelen

- Kommuneplanen sin samfunnsdel blei vedtatt 19. mai 2022.
- Kommunen har følgjande framtidsvisjon:
Vi vil at det skal vere godt og attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdier i Alver kommune, med vekst i folketal, arbeidsplassar og bedrifter. Vi vil utvikle oss som eit biosfæreområde og vere eit nasjonalt tyngdepunkt for vekst og utvikling innan grøn industri. Vi vil utvikle heile kommunen.



Hovudmål

- Alver er eit berekraftig samfunn, med attraktive senter og levande bygder og grender.
- Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som Norges fremste industriklynge.
- Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv som er ein drivkraft i samfunnsutviklinga.
- Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstsvilkår og god helse.
- (Her blir det lagt inn link til oppdatert samfunnsdel når den er klar)





3. Miljøløftet i Alver – mål, strategiar og prinsipp

Innleiing

- Dette strategidokumentet skal vere eit styringsdokument som er tydeleg på kva Alver kommune ønskjer å oppnå med deltaking i Miljøløftet.
- Strategidokumentet skal klargjere mål, strategiar og prinsipp for prioritering av aktuelle prosjekt.
- Mål og strategiar skal primært byggje på dei føringane som ligg i byvekstavtalen og kommuneplanen sin samfunnsdel.



Mål - Miljøløftet i Alver

Alver kommune har følgjande mål for si deltaking i Miljøløftet:

- Utvikle samfunnet og kommunen i tråd med overordna planar og strategiar
- Bidra til at bergensregionen når nullvekstmålet
- Utvikle eit miljøvenleg, effektivt og trygt transportsystem, som sikrar mobilitet for innbyggjarar og næringsliv.



Foto: Ola Moen



ALVER
KOMMUNE

Satsingsområde – Miljøløftet i Alver

Miljøløftet i Alver har følgjande satsingsområde:

- Nullvekst i personbiltrafikken
- Attraktive senter
- Levande bygder og grender
- Miljøvenleg, effektivt og trygt transportsystem
- Trygge og helsefremjande bumiljø



Sentrale prinsipp og strategiar – prioritering av prosjekt (side 1)

Miljøløftet i Alver skal bruke følgjande prinsipp og strategiar som grunnlag for prosjektprioritering:

- Vi skal samordne utbyggingsmønster og transportsystem, slik at vi reduserer behovet for transport.
- Vi skal sikre at ny utbygging er tilpassa eksisterande tilbod og teknisk infrastruktur i senter, bygder og grender.
- Vi skal bygge ut framtidretta infrastruktur og mobilitetsløysingar, og legge til rette for meir bruk av klima- og miljøvennlege transportformer.
- Vi skal redusere klimagassutslepp, kø, luftforureining og støy.
- Vi skal gjere det enklare for innbyggjarar å gå, sykle, nytte kollektivt og bruke nullutsleppstransport.
- Vi skal sikre trygg ferdsel og samanhengande gang- og sykkeltilbod i og mellom senter, bygder og grender.



Sentrale prinsipp og strategiar – prioritering av prosjekt (side 2)

Miljøløftet i Alver skal bruke følgjande prinsipp og strategiar som grunnlag for prosjektprioritering:

- Vi skal ha trygge skuleveggar
- Vi skal legge til rette for nærturar, turstiar, torg og møteplassar i senter, bygder og grender, med gode koplingar til turstiar og friluftsområde utanfor dei sentrale områda
- Vi skal sikre effektiv og sikker trafikkavvikling.
- Vi skal utvikle effektive knutepunkt for kollektivtransport mellom kommunen og Bergen - og leggje til rette for innfartsparkering i nærleiken av kollektivtransport eller langs ein kollektivstamveg
- Vi skal ha eit effektivitet og bærekraftig transportsystem som er støttar næringslivet sine behov
- Vi skal utvikle og ta i bruk ny teknologi for låg- og nullslepptransport på land og sjø.





4. Økonomiske verkemiddel

Byvekstavtalen/Miljøløftet



ALVER
KOMMUNE

Økonomiske verkemiddel til gjennomføring av prosjekt i Miljøløftet

- I signert byvekstavtale, vedtatt i Alver 20. februar 2020, er det lagt opp til at Alver kommune vil motta kr 32,5 mill årleg (i snitt). Dette blir fordelt mellom statlege post-30 midlar (kr 29,5 mill) og lokale belønningsmidlar (kr 2,46 mill)
- I tillegg mottar Skyss kr 280 mill årleg som også skal kome partane i byvekstavtalen til gode. Dette skal nyttast til auka kollektivproduksjon og tilrettelegging av infrastruktur.
- Statlege post-30 midlar kan nyttast til konkret utbygging av tiltak for kollektivtransport, sykling og gange langs fylkeskommunal og/eller kommunal veg, og krev årlege løyvingar gjennom statsbudsjettet. Desse midlane kan berre nyttast i utbyggingsfasen. Kostnad med planlegging, prosjektering og grunnnerverv må partane løyse sjølv. Aktuelle prosjekt for post-30 midlar må vere planavklart før innspel til statsbudsjett.
- Det er eit større handlingsrom for bruk av lokale belønningsmidlar, dette kan til dømes nyttast til planlegging, prosjektering, utgreiingar, kampanjar, ruteproduksjon kollektiv, fysisk utbygging, utstyr og tilskotsordningar. Alver kommune legg opp til årlege prioriteringar på korleis belønningsmidlane skal nyttast.

Tabell 3: Statlege midlar fordelt på partane, for perioden 2019-2029. Årleg gjennomsnitt. Mill. 2020-kr.

	Post 30-midlar	Belønningsmidlar	Totalt
Skyss	-	280,0	280,0
Bergen kommune	285,1	23,76	308,9
Alver kommune	29,5	2,46	32,0
Bjørnafjorden kommune	25,0	2,08	27,1
Øygarden kommune	38,7	3,22	41,9
Askøy kommune	29,7	2,47	32,2
Totalt	408	314	722





5. Prosjektavklaringar

Fase 2



ALVER
KOMMUNE

Avklaring på aktuelle prosjekt for Miljøløftet i Alver

- Når strategidokumentet for Miljøløftet er vedtatt, vil fase 2 av prosjektet starte. Fase 2 er ein gjennomgang og avklaring på kva prosjekt Alver kommune skal prioritere i Miljøløftet dei komande åra, basert på dei mål, strategiar og prinsipp som ligg i strategidokumentet.
- Prioriterte prosjekt blir jobba vidare med i forhold til planlegging og anna klargjering, slik at kommunen kan spele inn prosjekta i samband med den årlege rulleringa av handlingsprogrammet for Miljøløftet.
- I prosessen med prosjektavklaringar er det viktig å ha dialog med dei andre partane i Miljøløftet. Dette gjeld særleg Vestland Fylkeskommune, ettersom mange av dei aktuelle prosjekta ligg langs fylkeskommunal veg.



Strategidokument og prosjektavklaringar – Miljøløftet Alver kommune

Sektor:	Samfunnsutvikling m. fl.
Prosjektnummer:	-
Forfattar/Dato:	Arne Eikefet
Vedtak/Dato:	Godkjent av <styringsgruppe> og dato

1. BAKGRUNN

Alver kommune vedtok å ta del i byvekstavtalen/Miljøløftet for Bergensregionen 20. februar 2020. Dette betyr at Alver kommune er sikra totalt kr 32,5 mill i snitt per år i avtaleperioden fram til 2029. Alver kan få ulike typar tilskotsmidlar gjennom Miljøløftet til ulike typar prosjekt, forutsett at desse prosjekta tilfredsstiller vilkåra i den vedtekne byvekstavtalen.

I sak 036/21 vedtok kommunestyret ei prioritering av prosjekt til handlingsprogram 2022 – 2025 og til lokale belønningsmidlar. Dette prosjektmandatet er ei oppfølging av følgjande punkt frå den politiske saka:

- Punkt 1: Strategidokument
- Punkt 3: Lokale belønningsmidlar – prosjektavklaringar.

2. FØREMÅLET MED PROSJEKTET

Dette prosjektet blir delt opp i to fasar:

Fase 1: Strategidokument

Føremålet med dette prosjektet er å utarbeide prinsipp, strategiar, rammer og retningslinjer for korleis Alver kommune skal nå måla og prioritere ulike prosjekt i Miljøløftet. Dette blir avklart gjennom eit strategidokument for Miljøløftet i Alver kommune. Strategidokumentet skal tydeleggjere Alver kommune sine strategiske grep for å nå dei politiske målsettingane som Miljøløftet byggjer på. Det skal avklare kva for satsingsområde kommunen vil ha dei næraste 10 åra, kva område som vil bli prioritert og kva som må til av ressursbruk for å nå måla i Miljøløftet og i utviklinga av Alver. Strategidokumentet skal også bygge på kunnskapsgrunnlag, strateginotat og analyser som er i prosess knytt til kommuneplanarbeidet. Vidare skal dokumentet klargjere eventuelle endringsprosessar som må til dersom overordna planar, lokalt eller nasjonalt, medfører endra strategi.

Fase 2: Prosjektavklaringar

I denne fasen skal prosjektet avklare kva for prosjekt i Alver som er aktuelle for Miljøløftet dei komande åra, basert på dei prinsipp og strategiar som er lagt i strategidokumentet. For å kunne spele inn aktuelle prosjekt til post 30-midlar (utbygging på fylkeskommunal og kommunal veg) i dei årlege handlingsprogramma, så må det einiskilde anleggsprosjekt vere i reell byggefase same året som det vert lagt inn finansiering til anleggsutføringa. Det betyr at reguleringsplan må være gjeldande og «fersk», grunnverv må vere klart og avslutta, - inkludert eventuelle ekspropriasjonar og klagefristar, og alle prosessane som tilhøyrer prosjekteringsfasen må vere

ferdigstilte. Alver kommune har ei lang rekke prosjekt som kan egne seg for finansiering gjennom Miljøløftet, men ved gjennomgang av desse er det klart at dei er langt frå klare for anleggsstart.

3. RAMMEVILKÅR

3.1. Føringer for prosjektet

- Vilkår og krav i Miljøløftet, kriterie for utløyning av midlar
- Retningsliner for prosjektstyring i Alver kommune.
- Vedteken økonomisk ramme.

3.2. Avhengigheiter

- Miljøløftet sine vilkår og kontinuerlege prosessar
- Kommuneplanen, både samfunnsdel og arealdel
- Kommunedelplanar, særleg KDP E39
- Ulike reguleringsprosessar i Alver kommune
- Sykkelstrategi for Alver
- Temaplan trafikkisikring for Alver
- Nordhordlandspakken
- Nasjonal transportplan
- Regional transportplan
- Regional areal- og transportplan
- Vestland Fylkeskommune sine økonomiplaner
- Statens Vegvesen sine økonomiplaner
- Alver kommune sin økonomiplan

4. OMTALE AV KONSEPTFASEN

4.1. Organisering og ansvar i konseptfasen

Politisk styringsgruppe	Formannskapet
Adm. styringsgruppe	Rådmann, ass. rådmenn
Prosjekteigar	Hogne Haugsdal
Prosjektlei	Arne Eikefet
Prosjektgruppe	Line Valle, Anny Bastesen, Kristin Nåmdal, Siril Sylta
Arbeidsgrupper	Blir oppretta av prosjektgruppa ved behov (Gjeld særleg arbeid med prosjektavklaringar)
Referansegruppe	Toppleiargruppe Andre relevante lei

4.2. Resultat frå konseptfasen

Dette prosjektet skal levere følgjande:

Fase 1:

- Politisk vedtatt strategidokument for Miljøløftet Alver kommune

Fase 2:

- Dokument med prosjektavklaringar. Dokumentet skal beskrive følgjande:
 - Om prosjektet støttar prinsippa i strategidokumentet
 - Avklaring på status i forhold til ein mogleg anleggstart.
 - Beskriving av når det er aktuelt (årstal) for å legge prosjektet inn i Miljøløftet sitt handlingsprogram med fysisk utbygging.

4.3. Gevinst

Forventa type gevinst	Skildring	Økonomiske (årsverk, tid, kostnad)
Effektivisering	Heilskapleg styring av investeringar	Økonomi, tid, personell og effektiv ressursutnytting
Samfunnsutvikling	Reell framskunding av investeringsprosjekta innan Miljøløftet i Alver	Bidra til raskare realisering av politiske mål (også økonomiske)
Effektivisering	Betre koordinering mot andre/eksterne anleggs- og utbyggingsprosessar	Tid, kostnad og personell
Samfunnsutvikling	Meir klimavenleg utvikling generelt, og meir miljøvenlege lokalsamfunn	Bidra til å nå overordna samfunns mål og måla i Miljøløftet

4.3. Risiko og usikkerheit

- Reforhandling av Byvekstavtalen kan gje andre vilkår for strategidokumentet. Sannsynleg små konsekvensar.
- Ny kommuneplan kan gje andre vilkår. Sannsynleg små konsekvensar.
- Kapasitet og ressursituasjon i tenesteområda i det vidare arbeidet med planlegging og gjennomføring.

4.3. Kostnadar, tidsramme og ressursbehov i konseptfasen

Fase 1: Strategidokument

Strategidokumentet er forutsett å vere grunnlag for innspel til Miljøløftet dei næraste 10 åra, med første konkrete avklaring og innsending til Miljøløftet hausten 2021. Strategidokumentet bør difor vere utarbeidd like over sommaren 2021.

Tidsplan
<ul style="list-style-type: none"> • 22. april: Prosjektmandat til handsaming i politisk styringsgruppe

- April – august: Arbeid med strategidokument i prosjektet. Prosjektet utarbeider ein prosjektplan for styring av prosjektet. Prinsippdiskusjonar og avklaringar blir løfta inn i politisk styringsgruppe ved behov.
- 2. september: Handsaming av strategidokument i styringsgruppa
- 16. september: Vedtak i kommunestyret

Kostnader

- Det blir sett av kr 300.000 i lokale belønningssmidlar for å finansiere arbeid med strategidokumentet. (Vedtatt gjennom sak 036/21)
- Prosjektet rapporterer på økonomi til styringsgruppe i tråd med gjeldande prosjektmetodikk for utviklingsprosjekt.

Fase 2: Prosjektavklaringar

Det er viktig å ha på plass nokre prosjektavklaringar allereie til innspel for handlingsprogram 2023 – 2026. Dette arbeidet startar hausten 2021. Fase 2 vil kome i etterkant av arbeidet med strategidokumentet.

Tidsplan

- 2. sept: Oppstart av prosess med prosjektavklaringar, orientering til politisk styringsgruppe
- September – desember: Arbeid med prosjektavklaringar blir jobba med i prosjektgruppe. Prosjektet utarbeider ein prosjektplan. Prinsippdiskusjonar og avklaringar blir løfta inn i politisk styringsgruppe ved behov.
- I løpet av hausten: Politisk styringsgruppe avklarar kva prosjekt Alver skal spele inn til handlingsprogram 2023 – 2026.
- 1. kvartal 2022: Leveranse av dokument med prosjektavklaringar

Kostnader

- Det blir sett av kr 1 – 2 mill i lokale belønningssmidlar for å finansiere arbeid med prosjektavklaringar Miljøløftet. (Vedtatt gjennom sak 036/21)
- Prosjektet rapporterer på økonomi til styringsgruppe i tråd med gjeldande prosjektmetodikk for utviklingsprosjekt.